



Foto: Thomas de Lange Wenneck

NORDAUSTARTISK SEI

Sei – *Pollachius virens*

Andre norske namn: Kod, seikod, mort, palemort, grønspor, pale

Familie: Gadidae (torskefamilien)

Maks storleik: 20 kg og 130 cm

Levetid: Opptil 30 år

Leveområde: Langs norskekysten frå Stad til Kolahalvøya

Hovudgyteområde: På kystbankane frå Lofoten til Nordsjøen

Gytetidspunkt: Om vinteren med topp i februar

Føde: Raudåte, krill og andre pelagiske krepsdyr, sild, brisling, kolmule, augepål og hyseyngel

Predatorar: Sel og kval

Særtrekk: Opptre i tette konsentrasjonar, står ofte pelagisk der straumen konsentrerer byttedyra.

Nøkkeltal:

KVOTERÅD 2013: ICES: 164 000 tonn eller mindre

FASTSETT KVOTE 2013, TOTAL: 140 425 tonn,

NORSK: 122 625 tonn

FANGST 2012 (PROGNOSE): TOTAL: 150 000 tonn,

NORSK: 140 000 tonn

NORSK FANGSTVERDI (2011): 1 070 millionar kroner

**Fakta om bestanden:**

Sei har ein kraftig og muskuløs kropp, og er ein god symjar. Han er lett å kjenne på det svake underbitet og den rette sidelinja. Sei førekjem både pelagisk og som botnfisk, på 0–300 meters djup. Sei opptre ofte i tette konsentrasjonar og står pelagisk der straumen konsentrerer byttedyra.

Hovudføda for den yngste seien er raudåte, krill og andre pelagiske krepsdyr, medan eldre sei i aukande omfang også beiter på sild, brisling, kolmule, augepål og hyseyngel. Seien er ein utprega vandreisk som dreg på nærings- og gytevandringar. Stor sei følgjer norsk vårgytande sild langt ut i Norskehavet, av og til heilt til Island og Færøyane. Dei viktigaste gytefelta i norske farvatn er utanfor Lofoten, bankane utanfor Helgeland, Møre og Romsdal og bankar i den nordlege Nordsjøen. Egg og larver blir førte nordover med straumen. Yngelen etablerer seg i strandsona langs kysten frå Vestlandet og nordover til søraustleg del av Barentshavet og vandrar ut på kystbankane som 2–4-åring.

Sei finst berre i Nord-Atlanteren. I den vestlege delen er det ei lita stamme på grensa mellom Canada og USA. Seien i det nordaustlege Atlanterhavet blir delt i seks bestandar med hovudområde vest av Irland, vest av Skottland, ved Færøyane, ved Island, i Nordsjøen og på norskekysten nord for 62°N.

Merkeforsøk viser at det er vandringar mellom bestandane. Frå norskekysten kan det vera omfattande utvandring av ungsei frå dei sørlege områda til Nordsjøen og av eldre fisk frå meir nordlege område til Island og Færøyane. Det er få eksempel på innvandring av sei til norskekysten.


Status og råd

Seibestanden nord for 62°N var på eit historisk høgt nivå i 2001–2007, men det er sidan registrert ein bratt nedgang i både umoden bestand og gytebestand (figur). Årsklassane 1999 og 2002 var gode, og 2005- og 2007-årsklassane litt over snittet for 1960–2010, elles har rekrutteringa i seinare år vore under middels eller svak. Kysttoktet hausten 2012 viste ein liten auke i mengda sei, med eit større innslag av to og tre år gamal fisk som kan gje grunnlag for betre rekruttering til fiske og gytebestand i dei næraste åra.

Det vart i 2007 innført ein ny haustingsregel for nordaustarktisk sei, som ICES evaluerte til å vera i tråd med føre-var-tilnærminga. Ifølgje haustingsregelen vil gytebestanden med rekruttering rundt eller under langtidsgjennomsnittet koma enno nærmare føre-var-nivå (220 000 tonn) dei næraste åra. Havforskningsinstituttet har derfor tilrådd at utnyttingsgraden ikkje vert sett høgare enn utnyttingsgraden for maksimalt langtidsutbytte. Fiskeri- og kystdepartementet har fastsett kvoten for 2013 til 140 000 tonn, som er 15 % lågare enn det utnyttingsgraden i haustingsregelen ville gje.

Fiskeri

Utbyttet av seifisket nord for 62°N var på 162 000 tonn i 2009, 193 000 tonn i 2010 og 157 000 tonn i 2011 (figur). Gjennomsnittsutbyttet for 1960–2011 var på 163 000 tonn. Kvoten for 2012 blei fastsett til 164 000 tonn, og total fangst blir på vel 150 000 tonn. 2013-kvoten på 140 425 tonn er 15 % lågare enn både 2012-kvoten og gjennomsnittsutbyttet for 1960–2011. Noreg dominerer fisket med over 90 % av landingane dei siste åra, og norsk utbytte i 2012 ser ut til å bli på vel 140 000 tonn. Det gjennomsnittlege norske utbyttet i perioden 1960–2011 var på 137 000 tonn. Dei ti siste åra har trålfisket stått for 40 % av dei norske landingane, not 25 %, garn 20 % og line, snurrevad og jukse 15 %.



Bestand og fangst av nordaustarktisk sei.
Stock size and landings of Northeast Arctic saithe.